

RESOLUSJON

Norskkurs for internasjonale studentar

Vedtatt av Studenttinget 12.11.2022

Resolusjon: Norskkurs for internasjonale studentar

Internasjonale gradsstudentar er dei studentane som kjem til Noreg for å gjennomføre ein grad, til dømes bachelor eller master. Dei bor i Noreg i minst 2-3 år for å gjennomføre graden, i likskap med norske studentar. Internasjonale gradsstudentar har gitt uttrykk for at det er eit ynskje og behov å lære og beherske norsk. Mange er interessert i å skaffe seg en jobb eller delta i studentorganisasjonar. Da kjem det fram at språk for mange er ein barriere for å vere aktiv og delta.

[I den internasjonale](#) plattformen til STVL er det lagt fram at internasjonalt kontor skal tilby gratis nivåtilpassa norskkurs til alle internasjonale studentar og tilsette. [Det er også skreve](#) i STVL sin Handlingsplan 2022 at Studenttinget skal arbeide for at tilsette og studentar som ikkje har norsk som morsmål får tilbod om kurs i norsk.

[HVL skriv](#) i sine språkpolitiske retningslinjer at språkvala og dei språkpolitiske retningslinjene ved HVL skal bidra til å styrkje den språklege tryggleiken for dei kandidatane høgskulen uteksaminerer til profesjons- og arbeidslivsretta yrke gjennom bachelor-, master- og doktorgradsprogram, både på den heimlege og den internasjonale arbeidsmarknaden.

RESOLUSJON

Norskkurs for internasjonale studentar

Vedtatt av Studenttinget 12.11.2022

Studenttinget på Vestlandet meiner/krevjar/ønsker/vil at:

- ▶ Høgskulen skal tilby fysiske norskkurs for alle internasjonale studentar for å sikre god inkludering og integrering. Der det er mogleg, skal HVL tilby norskkurs til internasjonale studentar før ordinær undervisning startar.
- ▶ Norskkurset skal vere gratis, og tilrettelagt for at studentane kan delta på kurset utan at det kolliderer med øvre undervisning og utdanning.
- ▶ Kurset burde ha ein frivillig avsluttande prøve, kor bestått gjer kursbevis